




TIME KOMMUNE
ORDFØRAREN

Saksbehandlar
Tone Storesætre, e-post: tone.storesatre@time.kommune.no

Dato: 26.04.2007
Arkiv: K2-C60, K3-&23
Vår ref (ArkivsakID.): 07/1580-3
JournalpostID.: 07/7713

Kultur- og kirkedepartementet v/Christina Smith-Erivhsen
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



PARTSBREV

BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØYRINGSUTTALE

Det er gjort følgjande vedtak i sak 054/07:

Framlegg til vedtak:

Plan- og økonomikomiteen sluttar seg til utarbeidd høyringsuttale slik den kjem fram av vedlegg til saka.

Plan- og økonomikomiteen

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

PØK-054/07 Vedtak:

Plan- og økonomikomiteen sluttar seg til utarbeidd høyringsuttale slik den kjem fram av vedlegg til saka.

Med helsing


Tone Storesætre
sekretær

Vedlegg: Saksdokument



”BIBLIOTEKREFORM 2014” - HØYRINGSUTTALE

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Plan- og økonomikomiteen	054/07	24.04.2007

Framlegg til vedtak:

Plan- og økonomikomiteen sluttar seg til utarbeidd høyringsuttale slik den kjem fram av vedlegg til saka.

Plan- og økonomikomiteen

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

PØK-054/07 Vedtak:

Plan- og økonomikomiteen sluttar seg til utarbeidd høyringsuttale slik den kjem fram av vedlegg til saka.

”BIBLIOTEKREFORM 2014” - HØYRINGSUTTALE

SAKA GJELD

Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har i brev av 14.12.2006 sendt utgreiinga ”Bibliotekreform 2014” ut på høyring med frist 01.04.07. Høyringsfristen vart seinare forlenga til 01.05.07. Denne saka gjeld Time kommune sin høyringsuttale til utgreiinga.

Utgreiinga er gjennomført av ABM-utvikling på oppdrag frå dei to departementa. ABM-utvikling som er statens senter for arkiv, bibliotek og museum, vart oppretta i 2003. Mandatet for denne utgreiinga fekk dei i 2004.

Utgreiinga består av del I ”Strategier og tiltak” og del II ”Norgesbiblioteket - nettverk for kunnskap og kultur”. Del I vert sendt ut saman med saka, del II kan lesast på denne web-adressa: <http://www.kulturnett.no/dokumenter/dokument.jsp?id=T11504678>

Høyringsbrevet ligg ved saka.

BAKGRUNN FOR SAKA/SAKSOPPLYSNINGAR

Dei tre viktigaste elementa i den foreslåtte bibliotekreforma er fylgjande:

Felles nasjonale digitale tenester

Ved å utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester er målet å skape eit digitalt bibliotek som gir alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Dette krev samarbeid mellom biblioteka, og nasjonal koordinering og finansiering.

Norgesbiblioteket – nettverk av bibliotek i Norge

Det vert foreslått ei reform av bibliotekstrukturen. Innbyggjarane i små kommunar har behov for same omfang og kvalitet på bibliotektenestene som dei som bur i store byar. Målet er å gje eit betre bibliotektilbod gjennom sterkare bibliotek og kompetansemiljø, som er i stand til å utvikle fleire og betre tenester. Styrkinga vil skje gjennom samarbeid og samordningar til sterkare einingar med breiare tenestetilbod.

Kompetanseutvikling for tilsette

Formålet er å styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren. Biblioteka skal ha ein brei og oppdatert kompetanse for å yte betre tenester. Bibliotekforskning skal gje ny kunnskap.

I tillegg til dette skal det fysiske biblioteket vidareutviklast som ein stad for læring, kulturformidling og som ein stad for integrering og kulturelt mangfald. Biblioteka skal i større grad vere eit unikt og synleg tilbod overalt der brukarane er: På nettet, i forskning og undervisning, og på det lokale biblioteket.

”Bibliotekreform 2014” handlar mykje om bibliotekstruktur og organisering. Reforma skal føre til ei styrking av folkebiblioteksektoren ved å gjennomføre ein konsolideringsprosess. Konsolidering betyr samling og styrking. Det vil seie at der det er små bibliotek skal fleire kommunar innafor eit geografisk område gå saman om å etablere eit felles konsolidert bibliotek. Det konsoliderte biblioteket skal helst ha ei avdeling i kvar av kommunane som går inn i konsolideringa.

Eit konsolidert bibliotek skal ha minst 6-8 årsverk fordelt på variert bibliotekfagleg kompetanse. Det betyr at bibliotek med færre enn fem årsverk må konsoliderast med bibliotek i andre kommunar. Fylkeskommunen skal vere koordinator for å realisere dei nye biblioteka.

VURDERING

I utgreiinga kjem det klårt fram at dei andre nordiske landa bruker om lag tre gonger så mykje økonomiske midlar på folkebibliotek som Norge. "Bibliotekreform 2014" slår fast at det må ei styrking til på biblioteksektoren, og det ser ut til å vere vilje til å auka dei økonomiske ressursane innan området. Det er bra, og det er viktig at reforma vert ei kvalitetsreform, ikkje ei rasjonaliseringsreform. Gjennomføringa av reforma er avhengig av at staten løyver nok økonomiske midlar, og at kommunane fylgjer opp med sin del.

For Time kommune kan det ligge store muligheiter i reforma. Det vert peika på mange viktige utviklingsområde som det vert mogleg å setje i verk i det nye biblioteket som vert bygd innan 2010.

Biblioteka på Jæren har alt eit nært og godt samarbeid. Både biblioteksjefane og barnebibliotekarane samarbeider tett med alt frå innkjøpsfordeling til felles annonsering. Ei lokal transportordning gir gode moglegheiter for felles bruk av samlingane. Ei auke i økonomiske ressursar til folkebiblioteka vil opne for utvikling av dette samarbeidet til å omfatte fleire område, utan at ein treng å konsolidere biblioteka.

Eit område det trengs eit skikkeleg løft på, er biblioteka i grunnskulane. Eit nærare samarbeid mellom folkebiblioteket og opplæringssektoren har eit stort utviklingspotensiale. Det ligg også til rette for eit framtidig nært biblioteksamarbeid med dei to vidaregåande skulane på Bryne. Eit mogleg nasjonalt Garborgsenter i same bygget som det nye folkebiblioteket, gir i tillegg ei interessant utfordring. Alt dette gir stort utviklingspotensiale for å styrke Bryne som regionalt kultur- og kunnskapssenter.

KONKLUSJON

Time kommune støttar i all hovudsak både målsetjingar, strategiar og tiltak i "Bibliotekreform 2014". Det er viktig med eit skikkeleg løft for biblioteka, og arbeidet med dette må kome i gang så fort som råd. Staten må auka ressursinnsatsen betydeleg for å gjennomføra denne reforma, slik det er gjort til andre reformer i seinare år. Det einaste Time kommune vil seie seg usamd i, er forslaget om at konsolideringsmodellen er den einaste modellen for bibliotekutvikling som vil utløyse statlege midlar til kommunane. Det må gis rom for å søke om statlege midlar til andre utviklingsmodellar også, slik at bibliotekutviklinga kan tilpassast lokale behov, og bestemmast av lokale myndigheiter.

Rådmannen tilrår at plan- og økonomikomiteen sluttar seg til utarbeidd høyringsuttale slik den kjem fram av vedlegg til saka.

Rådmannen i Time, den 04.04.2007


Brit Nilsson Edland


Bjørn Meling
kommunalsjef Samfunn

Framlegg til høyringsuttale

Generelle kommentarar

”Bibliotekreform 2014” er ei svært grundig og god utgreiing, som dannar eit godt verdigrunnlag for framtidig bibliotekpolitikk. Her er også foreslått mange gode strategiar og viktige tiltak for å styrke biblioteksektoren. Ei styrking vil gje auka bruk av biblioteka. Det er viktig fordi biblioteka er kjelder til kunnskap og kulturoppleving, og fordi dei byggjer opp under demokrati og ytringsfridom ved å tilby tenestene gratis. Time kommune støttar i all hovudsak både dei målsetjingane og forslaga til strategiar og tiltak som vert lagt til grunn i utgreiinga.

Det er viktig at staten aukar ressursinnsatsen betydeleg til denne reforma, slik det har vore gjort til andre reformer i seinare år. Det er også viktig at arbeidet for å gje norske folkebibliotek eit løft kjem i gang snarast råd.

Kommentarar til enkeltforslag

Målområde 1: Innhald og tenester i Norgesbiblioteket

Digitale tenester

Tilgang til sentrale kunnskapskjelder og utvikling av digitale tenester er svært viktig for alle, same kor ein bur i landet. Difor er det viktig at staten betaler lisensar slik at alle får lik tilgang til viktige databasar. Den store satsinga på digitalisering av kulturarven som er foreslått, er også viktig, både nasjonalt og på lokalt plan.

Program for litteraturformidling

Litteraturformidling er ei sentral oppgåve for folkebiblioteka som det er viktig å satse på for å auke leselysta både hos barn og vaksne. Det er særst viktig å støtte opp om lesestimulerings-tiltak for barn og unge.

Målområde 2: Struktur og organisering i Norgesbiblioteket

Konsolidering innan folkebiblioteksektoren

Utgreiinga viser tydeleg kor dårleg det står til med norske folkebibliotek samanlikna med t.d. dei andre nordiske landa. Det trengs ei reform for å styrke biblioteka slik at alle i heile landet er sikra eit godt bibliotektilbod. Mange stader vil det vere viktig å sjå på strukturen for å finne nye og framtidretta løysingar for organisering av biblioteka. Dette vil gjelde både kommunar imellom, innan den enkelte kommune der t.d. samarbeid med skulesektoren kan vere aktuelt, eller det kan vere samarbeid med andre ABM-institusjonar.

Time kommune trur ikkje at konsolidering er den einaste og rettaste løysinga.

Konsolideringsmodellen er ein modell som er overført frå musemssektoren, men bibliotek og museum er svært ulike på fleire måtar. Ein skilnad er at biblioteket er ein del av det samla kommunale tenestetilbodet. Samarbeid med skule, barnehage, sjukeheim og andre kommunale tenester er viktig for å gje lokalsamfunnet den bibliotektenesta det har behov for. Dersom små kommunar skal gje frå seg styringa over eige bibliotek, så kan dette samarbeidet bli vanskeleg.

Det er også svært store skilnader på korleis innbyggjarane bruker museum og bibliotek. Mange brukarar er på biblioteket fleire gonger i veka, det er ein viktig del av kvardagslivet deira. Bruk av museum er annleis og krev ikkje same nærleik. Difor trur vi ikkje modellen med konsolidering isolert sett let seg overføre til biblioteksektoren.

Det bør leggjast opp til ei reform der ein kan nytte ulike organisasjonsmodellar for å utvikle biblioteka, slik at kommunane kan finne løysingar som er tilpassa lokale behov rundt i landet.

Dei to fremste bibliotekforskarane her i landet, Svanhild Åbø og Ragnar Audunson har sagt det godt i artikkelen "Godt verdigrunnlag, tvilsomme virkemiddel" i tidsskriftet "Prosa" nr. 1/07:

"Om et bibliotek skal framstå som en aktiv møteplass i lokalsamfunnet, må det komme under huden på det aktuelle lokalsamfunnet. Det må kommunisere med kommunepolitikere, institusjoner og frivillige organisasjoner. Den bibliotekansvarlige må kunne lokalsamfunnet på fingrene og utvikle en politikk som er relevant for behovene i det samfunnet biblioteket skal være en møteplass for.

.....

Et annet viktig poeng er at de konsoliderte bibliotekene vil være frikoblet fra politiske styringsnivåer. Vi sa innledningsvis at verdigrunnlaget i utredningen representerer et godt utgangspunkt for bibliotekpolitikk. Men da må bibliotekene forankres på et politisk styringsnivå. Det kan være kommunenivået, det fylkeskommunale nivået og det kan være det statlige nivået. Men det kan ikke være det konsoliderte nivået.

.....

Derfor er vårt råd: Bring virkemidlene i samsvar med utredningens verdigrunnlag."

Desse synspunkta sluttar Time kommune seg i hovudsak til.

Vi meiner at det er i strid med kommunal sjølvråderett at det berre er denne eine modellen som skal utløyse økonomiske utviklingsmidlar frå staten.

Investeringsprogram for biblioteklokale

Time kommune ser på dette som eit svært viktig tiltak for å stimulere til bygging og utvikling av moderne bibliotek som kan fungere som gode og viktige møteplasser i lokalmiljøa.

Endra biblioteklov

Mange ting talar for at det vil vere tenleg med ei ny biblioteklov som omfattar fleire typer bibliotek, for å sikre det saumlause bibliotektilbodet.

Ved ei eventuell lovendring er det heilt avgjerande at ein tek vare på formålet i dagens lov.

Gratisprinsippet må stå fast for å sikre alle lik tilgang til kunnskap og informasjon.

Kompetanse i form av bibliotekarutdanna personale må sikrast, også i små bibliotek.

I utgreiinga vert det hevda at ein skal legge meir vekt på tenestene enn institusjonane.

Time kommune meiner at folkebiblioteket som institusjon er svært viktig for lokalmiljøet, ikkje minst som ein uformell og uforpliktande møteplass med låg terskel for alle.

Det er difor viktig at det fysiske folkebiblioteket fins i alle kommunar også i framtida.

Andre kommentarar

Sidan utgreiinga legg opp til store endringar i folkebiblioteksektoren vil Time kommune uttrykke undring over at det ikkje har vore med nokon representant frå folkebibliotek i referansegruppa for utgreiingsarbeidet.

Time kommune vil også peike på at utgreiinga i liten grad tek opp kva moglegheiter som ligg i større samarbeid mellom folkebiblioteka og biblioteka i grunnskulane, og i dei vidaregåande skulane for kommunar som har lokalisert slike, for å satse på best mogleg bibliotektilbod for barn og unge.